



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 03.06.2014  
**Stad:** Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 12.10  
**Tilstades:** Arild Tveranger – leiar, Astrid Nordanger – nestleiar,  
Jan Tore Hvidsten og Eva Karin Klausen  
**Innkalla:** Økonomisjef til sak 20/14 og rådmann til sak 21/14  
**Revisjon:** Ragnhild Kartveit Høyland og Randi Rykkje  
**Sekretær:** Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss  
**Forfall:** Oddmund Skjelvik – vara hadde ikkje høve til å møte

---

### 17/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 18/14 Godkjenning av møteutskrift

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift 18.03.14 vart godkjent.

### 19/14 Skriv og meldingar

- Fylkesmannen sin uttale til budsjett og økonomiplan – 10.04.14
- Revisjonsmelding for bebuar- og pasientrekneskapen ved Velferdssenteret Manger for 2013 – 21.05.14
- Nummerert brev nr 1 – frå revisjonen 21.05.14 – ikkje offentleg – jf offl. § 13

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

Kontrollutvalet reknar med at administrasjon føl opp det som revisjonen har peika på i nummerert brev nr 1. Kontrollutvalet ønskjer å få ein orientering frå administrasjon om kommunen sin økonomiforvaltning og rutinar for forvaltning av bebuar og pasientrekneskapen.

### 20/14 Økonomisk status for kommunen

Sakstilfang: Tertialmelding januar – april vart delt ut i møte

Økonomisjef møtte i denne saka og hadde ein gjennomgang av rapporten.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet er bekymra for at kostnadane aukar meir enn inntektene og at det vil gi eit negativt resultat. Kontrollutvalet viser også til fylkesmannen sin uttale til budsjett og økonomiplan.

## **21/14 Status for kommunen sitt tilsyn – campingplass – administrasjon gir ein orientering – oppfølging av sak 32/12 og 31/13**

Når saka var oppe i kontrollutvalet i – sak 32/12 så var der mellom anna opplyst om følgjande:

- Rapportane som var sendt ut var førebels
- Brann – må få eit heilskapleg plan som vil kunne gi tilfredsstillande resultat
- Forureining – fare for forureining må eliminerast
- Vatn – tilkopling til det kommunale nettet – må godkjennast av kommunen
- Ein mogleg løysing kan vere å få ny regulering for den einskilde campingplass

Rådmann gav følgjande orientering om status for saka 04.06.13 – sak 31/13:

- Ein har avslutta oppfølging av tilsynet. Det skuldast mellom anna at der var mykje diskusjon om fakta. Sjølv om tilsynet er avslutta må eigarane følgje opp det som tilsynet har peika på.
- Det vil bli følgt opp med eit nytt tilsyn, men tidspunktet er ikkje bestemt
- Det nye tilsynet kan bli noko smalare i kva som vil bli sett på.
- Hadde forventning om at fylkesmannen skulle ta tak i problematikken og klargjøre kva reglar som gjeld for området og korleis det skal følgjast opp. Har ikkje fått noko signal om kor tid det skjer.

Rådmann gav følgjande orientering om status for saka 03.06.14:

- Kommunen har fått skjønnsmidlar til å få utarbeidet ein rapport som skal vise rettsgrunnlag for campingplasser. Oppdraget har vore ute på anbod og Advokatfirmaet Harris har fått oppdraget og vil ha utarbeidet ein rapport innan 25. juli.
- Vidare framdrift og plan vil bli utarbeida når ein har fått rapporten frå advokatfirmaet.
- Planen som administrasjon utarbeidar vil bli lagt fram for kommunestyret til orientering/handsaming.

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

## **22/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Kommunestyret prioriterte følgjande område for forvaltningsrevisjonsprosjekt i sak 040/12 – møte 21.06.12

- NAV – ressursbruk og rutinar for oppfølging av flyktningar, rusproblematikk og sosial-stønadsmottakarar
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Byggesak/plan, organisering m.m.
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og roller

Kontrollutvalet diskuterte saka.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok å prioritere prosjektet - «NAV – ressursbruk og rutinar for oppfølging av flyktningar, rusproblematikk og sosial-stønadmottakarar» .  
Kontrollutvalet ber om at revisjonen kjem med forslag til ein prosjektplan på neste møte.

**23/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar.

**24/14 Eventuelt**

Neste møte i kontrollutvalet er 30.09.14. Leiar meldte forfall til det møte gjelder også 1. vara.

Saker til neste møte:

- Prosjektrekneskap Olsvollstranda
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt – vedlikehald
- Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt – NAV
- Orientering om økonomiforvaltning og rutinar for forvaltning av bebruar og pasientrekneskapen
- Investeringsprosjekt – organisering og ansvar
- Kommunale reguleringsplaner – status

Manger, 3. juni 2014

  
Arild Tveranger/leiar

  
Bent Gunnar Næss/sekretær